



Bømlo kommune

Bømlo kommune, med ein desentralisert busetnad, skal ha nærmiljø og lokalsamfunn som bidrar til å fremme folkehelse der folk bur.

Tre lokalsamfunn i kommunen (av totalt åtte) med ulike kvalitetar og utfordringar å bygge på deltek i prosjektet: Rubbestadneset – eit industrisamfunn, Moster eit historisk samfunn og Espevær eit øy samfunn.

Delmål 1: Auke kunnskapen om korleis nærmiljøet påverkar folkehelsa i små lokalsamfunn, og om ulike nærmiljø i same kommune gir ulik påverknad på helsa. Identifisere positive og negative faktorar i dei ulike lokalsamfunna.

Delmål 2: Teste ut kombinasjon av ulike metodar for kartlegging av folkehelse og nærmiljø

Delmål 3: Utvikle eigna metodar for samarbeid mellom kommune og nærmiljø, gjennom å

utvikle grendautvala som paraplyorganisasjon og talerør for frivillige organisasjonar og befolkninga i lokalsamfunnet, og som mellomledd mellom lokalsamfunnet og kommunal administrativ og politisk leiing.

Delmål 4: I samarbeid med nærmiljø og grendautval legge grunnlag for konkrete tiltak som kan utvikle nærmiljøet i helsefremjande retning. Mobilisering og eigarskap er viktige faktorar.

Målgrupper: Barn og unge frå 5 til 10 klassesinn samt personar i alderstruppa 67-79 år.

Rammer første prosjektfase: Observasjon, utan å legge føringar for dei befolkningsgruppene etter alder som deltek i prosjektet. Dette for å sikre så brei deltaking som mogleg, og få fram breidda i dei tilboda som finns i desse lokalsamfunna. Det er difor ikkje nytta representasjon i form av nøkkelpersoner, interesseorganisasjonar eller fokusgruppeintervju.

Forprosjekt utvikling av kunnskapsoversikt. Det er etablert eit tett og godt samarbeid med Høgskulen på Vestlandet (HVL). I mars 2017 fekk kommunen tilsegn om tilskot frå regionalt forskingsfond (RFF –Vestlandet) til eit forprosjekt med kunnskapsoversikt. I dette forprosjektet skal partane teste ut bruk av ABCD – metoden for å auke endringskompetanse, gjennom kartlegging, deltaking og medverknad, mellom anna gjennom utvikling av empowerment og sosial kapital.

Metodearbeid gjennomført hausten 2016 (vekene 42,43, og 44)

- **Kartlegging av aktivitetstilbod:** Grendautvalet arbeidde fram oversikt over alle aktiviteter/fritidstilbod i eige lokalsamfunn, og plotta desse på eit flyfoto over området.
- **«Ut av huset-kartlegging»:** Semikvantitativ metode der informantane markerte på eit kart kor dei går når dei ikkje er heime eller på arbeid/skule. Kartlegginga var avgrensa til 5.skuletrinn, 8.skuletrinn og 10.skuletrinn.
Begge desse metodane har element av sosiokulturell stadsanalyse (social-spatial methodology).
- **Spørjeundersøking med anonyme svar:** Opne spørsmål om lokalsamfunnet og kva påverknad det kan ha på helsa til dei som bur der. Samarbeid med frivillige organisasjonar og skule for å nå alle og motivere til deltaking. Kartlegginga er avgrensa til 6., 7. og 9. årstrinn i skulen i områda Moster og Rubbestadneset, samt aldersgruppa 67-79 år.

Metodearbeid/aktivitetar gjennomført 1. halvår 2017

- Kurs i bruk av ABCD (Asset Based Community Development) metoden,

med deltakarar frå grendautval, skule og andre kommunale einingar, samt Høgskulen på Vestlandet (HVL). Denne metoden vert nytta jamfør

delmål 2, 3 og 4 med hovudvekt på delmål 4.

- Gjennomført «grendamøter» mars 2017 – med bruk av ABCD for å presentere funn frå metodearbeidet hausten 2016 og for å få fleire innbyggjar innspel. Godt oppmøte og engasjement i alle lokalsamfunna.
- Kategorisert alle innspel samla inn gjennom bruk av dei ulike metodane, samt innspel som kom inn på Grendamøta. Desse er fordelt for vidare oppfølging. Mesteparten av oppfølginga skjer i lokalsamfunnet der grendautvalet har eit ansvar i lag med innbyggjarane for planlegging og gjennomføring.
- Gjennomført ABCD kurs i lag med Stord der det var flest ungdommar som deltok.

Oppslag i lokalavisa Bømlo nytt etter Grendamøte på Moster 21.03.17



Engasjerte unge på Espevær 28.03.17

Foto: Anne-Beth Njørheim



Erfaringar så langt har synt oss at nærmiljøa tar tak i det dei sjølve kan gjere noko med, der kommunen er meir ein fasilitator om det er trong for det.

Prosjektet er forankra lokalt og har eigarskap hos innbyggjarane. Ein erfarer at «noko skjer».

Ein av suksessfaktorane er samarbeid med grendautvala i dei 3 valde lokalsamfunna. Eit grendautval i Bømlo kommune er ulike representantar for lag og organisasjonar som representerer befolkninga. Grendautvala har fått meir legitimitet til å vere bygda sitt talerøyr gjennom dette prosjektet.

Samarbeidserfaringar gjort til no skal nyttast

+ Identifisera utfordringar, mobilisera nærmiljøa, stort engasjement, læring på tvers – gradvis auka eigarskap- utvikla felles «plattform»/felles kunnskapsutvikling.

-Utfordrande å treffast/finna møtetidspunkt sårbart og personavhengig, grendautvala sin fortsatte legitimitet